



Arkivnr: 2019/1396-11

Saksbehandlar: Ingvar Skeie

Delegert saksframlegg

Fylkesrådmannen etter fullmakt

Låneopptak 2019 - III

Samandrag

Til finansiering av budsjetterte investeringar i 2019 vert det teke opp eit sertifikatlån på 400 mill. kr.

Vedtak

Det vert teke opp eit 11-månaders sertifikatlån på 400 mill. kr, tilrettelagt av DNB Markets.
Renta er 2,003 %.

Ingrid Holm Svendsen
fylkesrådmann

Nils Egil Vetlesand
fylkesdirektør øk.- og org.

Saksfremlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 14.11.2019

I opphavleg budsjett for 2019 var det ført opp 1 232,7 mill. kr i lån til finansiering av investeringar. I fylkestingsak 70/2019 vart summen redusert med 22,5 mill. kr til 1 210,2 mill. kr.

Det er tidlegare i år teke opp 800 mill. kr. Det står dermed att 410,2 mill. kr i følgje budsjettet. Ved førre årsskifte var det igjen 145,2 mill. kr i ubrukte lånemidlar. Ein kan difor runde dette låneopptaket ned til 400 mill. kr.

Ved utgangen av oktober hadde 57,3 % av fylkeskommunen sin låneportefølje rente som er bunden i meir enn 1 år. I finansreglementet er det sagt at «halvparten av lånegjelda bør som hovudregel ha fast rente. Andelen fast rente kan likevel variere mellom 40 % og 60 % ut frå om ein finn vilkåra for binding gunstige eller ikkje.»

Fylkesrådmannen ser ikkje behov for å auke fastrenteandelen meir no. Dei siste vekene har renta stige noko, både på sertifikatlån og lån med lengre løpetid. Ein er no tilbake i ein meir normal situasjon der rentekurven er stigande. Eit sertifikatlån vil ha ei rente på om lag 2 % og eit lån med fast rente i 5 år er venta å liggje på om lag 2,2 %.

Fylkesrådmannen går denne gongen inn for å ta opp eit sertifikatlån på 11 månader.

Bergen Capital Management har gjennomført anbudsrunde. Det kom inn følgjande tilbod:

DNB Markets	2,003 %
Danske Bank Markets	2,010 %
Kommunalbanken	2,018 %
SEB Merchant Banking	2,037 %
Swedbank	2,120 %

Fylkesrådmannen aksepterer tilbodet frå DNB Markets.